



Preses Olav Fykse Tveit:

Preike Øystese kyrkje 14.mai 2023

Tekstar: Jer 29,10-14; Luk 18,1-8

Takk for at eg får vere her i Øystese kyrkje og til Kvam for å feire gudsteneste her og til å preike på denne vakre mai-dagen. Soknepresten som bad meg kome har reist, men han gav meg ein invitasjon eg ikkje kunne motstå. I denne kyrkja er mange av mine røter som menneske synlege og svært nær. Her er mor mi frå Fykse døypt, konfirmert, og gift med far frå Ytre Ålvik, som også vart ordinert til prest her for 70 år sidan. På kyrkjegarden her er alle mine besteforeldre og oldeforeldre gravlagde, fleire tanter og onkel.

Eg arva eit maleri av Øystesekyrkja etter foreldra mine. Det var spesielt kjært for dei og hadde ein sentral plass i stova. Det var malt for 50 år sidan, omtrent på ein dag som denne dagen. Foreldra mine kjente sterk tilknytning til denne kyrkja og kyrkjegarden her. Kvart år var vi med og besøkte gravene til foreldra og besteforeldra deira. Vi sneik oss alltid til å prøve ut korleis vi kunne leike med den åttekanta fontena midt i grusgangen, og manipulere dysene til å sprute litt lenger.

Biletet er prega av den varme grønfargen som ein nesten berre kan oppleve i Hardanger. Den er ispedt det kvite frå blomane og frå kyrkja, og det står i ein samanheng med Folgefonna i bakgrunnen. Alt er tydelege og klare teikn på livet her av menneske og natur, om samanhengar som nesten er tidlause – og likevel svært aktuelle. Naturen gir mat og liv. Den er ikkje berre vakker. Men som breane vitnar om, så er den også truga. Kyrkja står der som noko annleis, noko som peikar oppover – og som likevel er der midt i sentrum, midt i livets gang, og som høyrer på ein spesiell måte til i det store naturbiletet med alt Gud har skapt.

Denne tilknytninga til denne kyrkja og denne utruleg vakre staden er det mange som har, og stadig får. Når de som vart konfirmerte her for 50 år sidan møtest her igjen, er det livet og tida som går som igjen vert ramma inn av eit kyrkjebygg. Det gir oss alle eit teikn på korleis ting heng saman. Når nye vert døypte i dag og får sitt liv tilknytta denne kyrkja, opnar det seg ein himmel over alt det som måtte ligge framfor. Alt ukjent, det vi gler oss til og det som er urovekkjande i tida, kan i dåpen lys møtast i tru og forventning til den Gud som har skapt oss - og som tek i mot oss, slik vi er. Uansett alder, uansett kvar vi har våre røter som menneske.

Difor er det ikkje berre slekta, med sine røter, vår historie og mine gener som eg møter her i dag, men også trua og håpet til Gud som eg ber med meg. Det er ein arv, ei kostbar gåve, som nettopp denne kyrkja har gitt generasjonar før meg. Det er ein arv som denne kyrkja atter gjev alle oss som er samla her idag.

Og dermed er vi langt inne i dei temaer og dei spørsmåla som tekstane frå Bibelen har møtt oss med i dag: Kva er detå tru på Gud? Kva er vi trur på? Eller kanskje endå meir: Kva er det vi håpar på?

Den underlege likninga Jesus fortalde om kvinna som maste på ein domar som til slutt gav henne rett, opnar for mange tankar. Er trua noko intenst, nesten masete, for dei få? Eller er det eit nøkternt perspektiv på trua som Jesus vil ha fram, kjenneteikna av erfaringa av at trua kan vise seg i tolmodet og tilliten – trass i alt som skjer veit Gud kva vi treng?

Jesus brukar argumentet frå det vesle til det store. Når ein urettferdig dommar kan gi ei kvinne som trur, retten sin, kor mykje meir kan vi ikkje då forvente det av Gud?

I Jesu ord høyrer vi ei anerkjenning av tru som forventning til Gud. Det er ei forventning til Gud om at det gode skal skje, at noko vedunderleg skal skje, at det må skje (som Olav H Hauge seier i diktet om Draumen). Det er meir enn ein dagdraum. Det er ein tillit til at Gud er både kjærleg og rettferdig. Det er ei tru, ei bøn, om at Guds vilje skal skje på jorda slik som i himmelen – slik vi ber i Fadervåret. At det er Guds vilje som skal skje, ikkje det vonde og urettferdige.

Vi høyrer noko av det same i orda frå profeten Jeremia. Han skulle tale sant og vere ærleg, men han skulle også oppmuntre Israelsfolket som var fordrivne frå sitt eige land til Babylon. Dei hadde vore det i 70 år då desse orda vart formulerte. Det vil seie med fleire generasjonars oppleving av det dei kunne og måtte oppleve som ein enorm tragedie. Ja, endå til ei forteljing og ei oppleving av noko djupt urettferdig, ja, for mange var det uforståeleg at Gud kunne la det skje.

Det er i den situasjonen orda frå profeten må høyrast. Det er fredstankar, ikkje ulukke tankar, Gud har med dei. Forventningane til Gud er ikkje utan grunn, dei har sin plass. Ja, dei er faktisk gitt av Gud sjølv, gjennom lovnader og profetord. Så var dei nedarva i dei som forventning om landet dei kom frå, gjennom foreldras forteljingar om kveldane. Trua på at Gud hadde ikkje gløymt dei vart næra av salmar og bønner, som vi har i våre felles heilage bøker.

Men er trua på Gud berre ei forventning, som ein draum, nesten som ei flukt frå verda og dei ufråkomelege og harde realitetane?

To av mine svar på det, har eg nettopp frå mine røter her, frå to av mine oldeforeldre som er gravlagde her.

Den eine er ei oldemor på Fykse. Onkel Sverre og mor fortalde om henne korleis ho kunne bruke sundagen til å la det vere ein open himmel over livet. Både bokstavleg og åndeleg sett. På ein søndag det ikkje var kyrkjesundag, kunne ho pynte seg, finne fram salmeboka og setje seg på ein stein ute og synge salmar. Sonen Ole lærte mange av folkemelodiane etter henne, og formidla dei vidare - og dei vart innspelte av NRK og kan høyrast på Spotify. Dette er for meg eit vakkert bilete av at det er himmel over livet, det vanlege, gode og trygge livet der ein bur og er. Vi treng ikkje finne opp Gud og Guds nørvær, det er der heile tida, over alt. Ho gav uttrykk for takk og forventning til livet, og til livets gjevar, Gud, med ord og tonar som levde og som lever.

Eg møtte noko av det same i ein del møter med kyrkjer i andre delar av verda. Eg hugsar spesielt eit møte på Haiti i 2010, etter jordskjelvet som la svært mange hus øyde. Ei kvinne frå baptistkyrkja var tolk. Ho viste oss korleis dei ikkje berre rydda i husa som var øydelagde, men også prøvde å rydde kyrkja slik at dei igjen kunne feire gudsteneste. Eg spurte kvifor dei ikkje prioriterte eigne hus, og svaret var: Utan gudstenester, bønner og songar klarar vi ikkje det. Det gir oss vår verdigheit i alt som har skjedd. Og på sundagen kom ho i ei nystroken kvit bluse. Korleis ho fekk ordna det, veit ikkje eg.

Sundagane gir oss eit høve til å kjenne på at vi er menneske, med menneskeverd, var det ein afrikaner som sa til meg. Difor pyntar vi oss og feirar gudsteneste – stundom i timevis. Eg skjønnte at gudsteneste ikkje er berre noko vi har for å høyrer noko eller forstå noko nytt, men noko vi feirar. Som uttrykk for livets gåve, i livets utfordringar, for å kunne kome fram med både bønner og takk. Forventningane som trengst for å halde liv i håpet, er eit uttrykk for vår verdigheit, vår rett, som menneske. Slik som det var for kvinna Jesus fortel om i likninga.

Ein annan eg tenkjer på i sag, er den eg, i følgje far min, oppkalt etter. Ola Tveit var småbrukar, bureisar på eit stykkje øvst i Ytre Ålvik, kalt Lie. Seinare vart det kalla Kroatveit, som det står på vegskiltet i dag. Det var visst jord nok til ei hesje då han kjøpte det. Han rydda meir jord, grov opp stubbar, planta frukttre, sådde gras, grov opp stubbar, bygde murar, hus – og stifta og bygde heim og ein familie saman med kona si, Marta. I tillegg var han snikkar – og lekpredikant om vinteren. Han reiste

rundt i bygdene i Hardanger og Sunnhordland og heldt møte, preikte Guds Ord. Som andre generasjons haugianer, var han oppteken av at vanlege folk kunne og skulle ta ansvar for det åndelege liv, men ikkje i motsetnad til det som skjedde i kyrkja og det som var prestens oppgåver. Oldefar skal ha fått eit tilnamn: Hardangerbispen. Utan eksamenar, utan ordinasjon eller bispevigsling, men sikkert gjennom tillit til at han hadde noko å seie dei. Og at han ville formidle ord om tru og håp til Gud på ein måte som kunne bety noko i deira daglege liv, deira harde realitetar.

Då eg skulle rydde i bokhyllene etter fars død, fann eg ei enkel lita bok: 50-års minne for Hardanger og Sunnhordland Indremisjonssamskipnad. Svært interessant lesnad, utgitt i 1915. Der var bilete av emissærane deira, også av han. Men meir enn det: I ei bok der alt var skrive på riksmål, var det ein tekst på nynorsk. Det var ei preike frå eitt av dei store stemnne dei heldt om somrane – utandørs. Der det kunne vere hundrevis, ja tusenvis samla. Og det var ein tale av Ola Tveit.

Kva hadde han på hjarta? Oldefar var oppteken av at kristentrua peikte utover det kvardagslege, men at den også gav mot og styrke til nettopp å våge og tåle kvardagens utfordringar. Og det gav han uttrykk for på ein veldig talande, og eg må seie tankevekkjande måte. Han talte ut frå orda frå Paulus om å ikkje ha sut for noko, men leggje alt fram for Gud i bøn. Så skildra han dei krevjande tider dei levde i – på slutten av 1880-talet. Ungdom hadde vanskeleg for å sjå ei framtid med arbeid og livsgrunnlag her. Nokon reiste til Amerika, og foreldre og søsken frykta at dei aldri såg dei att – til dels med god grunn.

Då spør predikanten om vi i trua på Gud skal berre oversjå eller gløyme slikt? Skal vi berre la trua få oss til å gløyme bekymringar, sutene? Så lagar han eit poeng av eit ordspel: Han seier det er skilnad på å ha sut for noko – og ha omsut for noko. Det siste, må vi ha, om det skal gå vel. Vi ville kanskje sagt: Vi må ta ansvar for det Gud har gitt oss ansvar for i livet. Livsgrunnlag, arbeid, jorda, heimen, borna, dei som treng omsorg og ikkje minst mat på bordet. Det vart mange av dei hos han. Men han opplevde at to døydde som barn. To var tungt funksjonshemma, og måtte få bu heime heile livet. Ein reiste til Amerika, og han fekk møte han berre ein gong til i livet. Han som overtok garden, døydde som ung far til 7 barn. Far var to år. Men oldefar levde, og held fram med å dyrke ny jord, slå, hesje, hauste eple. Og preike. Til han var nesten 80. Han talte om sutene – bekymringane – som kan knekkje oss om vi ikkje legg de ifrå oss. Hos Gud. Han omtalte det å la seg fange av sutene med å gå og vasse i snøen som enno ikkje har kome. Det vi har ansvar for, det vi skal ha omsut for, det skal vi bruke kreftene våre på. Ikkje på sutene.

I hans ord kjenner eg att kva eg meir og meir er kome fram til kva tru på Gud er. Det er ikkje at eg har gjort meg opp ei meining om Gud, eller at eg meiner at eg forstår det guddomlege, det forunderlege, det underfulle og til og med mirakuløse. Men det er å ha ei tru, ja, eit håp til Gud.

Eit håp om at Guds vilje skal skje på jorda. At Gud skal gi oss framtid og håp. Ikkje for å tru på magiske og underlege ting i og for seg, men for å høyre og ta imot det som kan gje mot og styrke til å leve i håpet. Ikkje for å flykte, eller prøve å kome utanom krisene som rammar verda, landet vårt, dei fattige i verda, klimakrise og krig, eller det som måtte ramme oss sjølve av sjukdom eller død hos oss eller i familien. Men det er for å gi plass til det håpet som kan skape noko, som kan gje mot til å fylle dagane med det som gir andre menneske noko frå mitt liv, ja, for å skape forandring.

Olav H Hauges draum er faktisk eit godt uttrykk for nettopp dette. Draumen er ikkje dagdraum, men livskraft til å – ja, nettopp tru. Tru på ein måte som gjer at ag og vi vert ein del av den kjærleiken og den rettferda som Gud kan skape i vår verd. Den vågen vi ikkje visste om.

I denne trua er det også trua på den nådige Gud som ber alt. Det er Guds nåde gjennom Jesus Kristus som møter oss i Gudsordet. Og i kyrkja. Ord om at Gud vil oss vel. Ord om at vi ikkje er rettferdige i oss sjølv, men at vi kan få del i Guds rettferd. Ufortent og av nåde.

For livet blir ikkje alltid slik vi tenkte eller ville det. Vi lever ikkje opp til våre ideal og forventningar alltid. I Guds nådige blikk blir vi likevel møtt med fredstankar, ikkje ulukketankar. Ja, nettopp i Guds nådige blikk som vi møter i Jesus Kristus kan også det som gjekk gale bli til ein ny muligheit, ein ny dag. Ei ny stadfesting, ein ny konfirmasjon.

På fleire av gravsteinane eg nemnde, står det: «Alt av nåde». Det er den som gjeld. I liv og i død.

Ære vere Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, vår Skapar, Frelsar og Livgjevar, som var, er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve. Amen